

Kurs om munnleg historie:



Om munnlege kjelder – intervjuopptak, dokumentasjon, bevaring og bruk. Dagskurs – med høve til å ta del i praktisk intervjuarbeid på dag to. Kurset passar både for profesjonelle og frivillige historikarar.

Torsdag 6. september kl. 10:15 til 17:15

Sør-Troms Museum/Trondenes Historiske Senter skal vera vertskap for kurset "Minnesamling med video" torsdag 6. september. Hovedmålgrupper for kurset er museumstilsette og historielagsmedlemmer, men andre profesjonelle eller frivillige som arbeider med lokal-, kultur- eller allmenn historie er også velkomne. Sjølve kurset går frå kl 10:15 -17:15. Seinare om kvelden 6/9 og heile fredag 7/9 skal me arbeida praktisk med intervjuopptak, og kursdeltakarane er velkomne til å vera med på det også.

Kurset er ein del av prosjektet "Krafttak for munnleg historie" (<http://krafttak.memoar.no>) Bakgrunnen er den sterkt aukande interessa for å samla inn, dokumentera, arkivera og ikkje minst *bruka* munnlege kjelder både i musé og i det frivillige historiearbeidet.

Hovudansvarleg er Memoar - norsk organisasjon for munnleg historie. Medarrangørar er - utanom Sør-Troms Museum - Norsk etnologisk gransking, Landslaget for lokalhistorie og Folkeminnesamlinga. Forelesarane på kurset blir Bjørn Enes frå Memoar, Audun Kjus frå NEG og Line Esborg frå Folkeminnesamlinga.

Sjå detaljar her: Krafttak.Memoar.no/Troms

Intervjuopptaka torsdag kveld må foregå på Trondenes Historiske Senter i Harstad. Det er ein stor fordel om intervjuopptak fredag 7/9også kan foregå der, men om naudsynt kan opptaksstad flyttast til annanstad i nærleiken på fredagen.

Både deltakarar og andre er velkomne til å foreslå intervjuobjekt - viktige kjelder til den nære historia i Troms.

Kursavgifta på 300 kr. inkluderer lunsj. Deltakarar som melder seg inn i Memoar, norsk organisasjon for munnleg historie, får kurset gratis. [Innmelding her](#)